

Til
 Kunnskapsdepartementet,
 Postboks 8119 Dep
 0032 Oslo

Innstillinga til utvalet for fag- og yrkesopplæringa - Karlsenutvalet - uttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen viser til mottatt høringsbrev der det vert bedt om synspunkt på dei ulike framlegga i innstillinga. Høgskulen har valt å knyte sine kommentarar til pkt 3) "Tiltak for å betre overganger frå fag- og yrkesopplæringa til fagskoleutdanning og høgre utdanning jf. utredningens avsnitt 6.4."

Utbygging av Y-vegen til fleire fagområde

Utvalet har forslått å leggje til rette for auka opptak til høgre utdanning gjennom Y-vegen. Etter høgskulen si vurdering, kan dette ha både positive og negative verknader. Y-vegen skal leggje til rette for opptak til utvalde studium i høgre utdanning for elevar med fag- eller sveinebrev, men som manglar generell studiekompetanse. Høgskulen har forståing for at einstilte fagområde kan ha behov for å styrke kontakten mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. Opning gjennom Y-vegen for opptak til utvalde studieretningar innan ingeniørstudiet synest å verke bra, og høgskulen stiller seg såleis ikkje avvisande til at ordninga kan prøvast ut for nokre utvalde fagområde.

På den andre sida er det stor skepsis i høgskulen til å opne opp for ei generell ordning som medfører at den einstilte institusjonen får ansvar for å utvikle for mange studietilbod med eige opptaksgrunnlag. Høgskulen meiner det kan bli forvirrande for studiesøkjarane dersom det vert mange studietilbod med spesielle opptakskrav. Faren for senking av det faglege nivået i høgre utdanning kan og auke, noko som etter vår vurdering er lite ønskeleg.

Setje ned aldersgrensa for realkompetansevurdering

Høgskulen har god erfaring med opptak av studentar på grunnlag av realkompetanse etter gjeldande aldersgrense. Desse studentane er motiverte, og dei fleste klarer seg godt gjennom studiet. Realkompetansevurderinga byggjer på høgskulen sine retningsgjevande kriterier der søkjaren blir vurdert i høve teoretisk kunnskap, relevant praksis, alder og eigen motivasjon.

Høgskulen er skeptisk til å senke alderen for realkompetansesøkjarar. Søkjaren sin alder er etter vår vurdering viktig for at søkjaren skal ha hatt høve til å skaffe seg tilstrekkeleg med erfaringar og kunnskap, og ikkje minst motivasjon for å ta til på høgre utdanning. Vi er og redd for at ei lågare aldersgrense vil gjere det freistande for fleire unge å droppe ut av studieførebuande vidaregåande opplæring, ettersom dei i staden kan søkje opptak til høgre utdanning gjennom realkompetansevurdering.

Alle som har fullført vidaregåande opplæring er generelt studieførebuande uavhengig av utdanningsprogram

Høgskulen vil gå imot ei slik endring i opptaksgrunnlaget til høgre utdanning. Høgre utdanning har lang tradisjon for å byggje vidare på allmennkunnskap forstått som fag som gir ein felles plattform for å starte på akademiske studier. Dette felles faglege grunnlaget har vore ivaretatt gjennom krav til generell

Vår dato
27.01.2009

Vår referanse
2008/1084 - 534/2009

studiekompetanse. Høgskulen meiner det vil vere uheldig dersom dette felles allmenne grunnlaget fell bort.

Konsekvensen av forslaget vil etter vår vurdering bli at mengda av studium med spesielle opptakskrav vil auke. Dette er uheldig for studiesøklarane. Det er foreslått at høgre utdanningsinstitusjonar får ansvar for å legge til rette for forkurs og opptaksprøver for å sikre eit tilstrekkeleg fagleg nivå på søklarane. Høgskulen meiner det i nokre høve er aktuelt å tilby forkurs, særleg har det vore tradisjon innanfor realfaga. Men vi meiner det er uheldig dersom høgskulen skal få ansvar for å tilrettelegge for mange ulike forkurs som skal gjennomførast i sommarsemesteret eller parallelt med studiestart. Dette vil og påføre sektoren auka kostnader. For studiesøklarane vil det bli mykje meir krevjande å halde seg orientert om opptaksgrunnlag til ulike utdanningar, og kravet til profesjonell karriererådgeving vil auke monaleg.

Det er føresett at studentane sin sluttkompetanse skal vidareførast. Ved høgskulen er det stor skepsis til korleis dette kan ivaretakast. Alt no er det mange som hevdar at det faglege nivået i einskilde studium i høgre utdanning er lægre enn før. Skjerpa opptakskrav til t.d. allmennlærerutdanninga går såleis i motsett retning av det som utvalet her foreslår.


Rett til å ta kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev

Høgskulen støttar forslaget om å utvide retten til vidaregåande opplæring slik at elevar med fullført fagbrev kan få ta fellesfag for å oppnå generell studiekompetanse. Dette kan medverke til at fleire ungdomar sikrar seg ei fullført yrkesutdanning og i tillegg gjer seg studieførebuðde.

Med helsing



Åse Løkeland
Rektor



Kari Thorsen
Seniorrådgjevar